

Årsmelding 2023 ÅTIL Fotballgruppa



1 Styret

Styret 2023 har bestått av:

- | | | |
|----------------|-------------------------|----------------------|
| - Leiar: | Ulrik de Claville Ibsen | periode: 2023 & 2024 |
| - Nestleiar: | Øystein Henjum | periode: 2023 & 2024 |
| - Sekretær: | ? | |
| - Kasserar: | Silje Rivedal | periode: 2023 & 2024 |
| - Styremedlem: | Dag Rune Tørnes | periode: 2023 & 2024 |
| - Styremedlem: | Grete Vedå | periode: 2023 & 2024 |
| - Vara: | Elin Brekke Hop | periode: 2023 & 2024 |
| - Vara: | Gro Myrmel Moen | periode: 2023 & 2024 |

Styret var satt opp som et samlet styre 28 februar 2023 med en samlet valgperiode på to sesonger.

Styret fikk til ansvar å fastsette roller og sette opp eige budsjett.

Nye styre var satt i funksjon fra den 8 mars 2023.

1.1 Sportsleg utval

Utval 2023 har bestått av:

- | | | |
|-----------------------|------------------------------|------------------------|
| - Sportleg leiar: | Per Gisle Dvergedal | |
| - Fair-Play ansvar: | Øystein Henjum | |
| - Dommerkontakt: | Samarbeid med Jotun | |
| - Miniputt: | - | |
| - Treinar / lagleiar: | <u>G/J årskull 2017</u> | Foresatte til årskull |
| | <u>G/J årskull 2016</u> | |
| | Treinar: | Anne Margrete Hatlelid |
| | Lagleiar: | - |
| | <u>G/J årskull 2015</u> | |
| | Treinar: | Timur Gasanov |
| | Lagleiar: | Stine Gruben Breivik |
| | <u>Jenter - årskull 2014</u> | |
| | Treinar: | Lasse Heggheim |
| | Lagleiar: | - |
| | <u>Guttar – årskull 2014</u> | |
| | Treinar: | Olav Bjørkum |
| | Lagleiar: | Thomas Norheim Moen |
-

Jenter – årskull 2012/13

Trenar: Lene Læg Reid

Lagleiar: Hanne Stedje

Guttar – årskull 2012/13

Trenar: Jacop Andersen

Lagleiar: Thomas Norheim Moen

Jenter – årskull 2011/10

Trenar: Per Gisle Dvergedal

Lagleiar: Ole Inge Moen

Guttar – årskull 2011/10

Trenar 1: Svein Ove Jørgensen

Trenar 2: Arild Hatlelid

Lagleiar: Geir Fredsvik

Guttar – årskull 2009/10

Trenar: Geir Frode Rudi

Lagleiar: Anne Gunn Vigdal

- Arrang. / kiosk: Gro Myrmel, Elin Brekke Hop og Hanne Stedje
- Ansvarleg anlegg: Dag Rune Tørnes

Utval blir satt opp av styret for et år om gangen..

Pga av nytt styre i 2023 og sein overtagelse i forhold til sesongstart har ikke alle plasser blitt satt opp og flere roller har blitt ivaretatt av styret gjennom sesongen.

2 Styret sitt arbeid

Styremøter

Der har vært avholdt totalt 5 styremøter fordelt ut over sesongen i tillegg til at Spond Gruppa «Åtil fotball styret» har danna grunnlag for diskusjoner og avstemninger ila sesongen.

Spondgruppa er kommunikasjons verktøyet til styret der å alle meldinger, innkallinger samt lagring av dokumenter inkl. referater blir lagret.

Arbeid til styret

Oppstart sesong 2023 planlegging og bruk av uteareal samt fordeling kamp og treningstider på Cuba.

Erstatning som dommer koordinator for Åtil med møte og samlinger med dommergruppa Årdal.

Oppmøte som representant for Åtil i naboklubber og mot Kretsen i flere anledninger.

Representant på møter i forbindelse med samarbeid mellom klubber samt signering av avtaler mellom lag.
Saksbehandling av Fair-Play saker mellom klubber, krets og forbundet.
Oppstart sesong miniputt årskull 2017.
Organisering og påmeldinger av miniputt til Kongleriket.
Organisering og formidling info via Facebukk «Åtil Fotball» og Spondgruppa «Fotball Info»
Kriseplanlegging kamp- og treningstider høstsesongen for Åtil og Årdal FK. på Cuba grunna dårlig høst med store nedbør.
Møter med Jotun og ÅFK grunna forhold til fotballanlegg i Øvre og på Tangen med utarbeidelse av rapport til kommune.
Rapport og møter med kommune som gjelder anlegg nytt kunstgress på Cuba, endring av plan fra 7-ar til godkjent 9-ar bane.
Kontinuerlig økonomiarbeida, utbetalinger inntekter og utgifter samt formidling utbetalinger dommer og innkjøp.
Styret valgt å ikke delta på årets kretsting.
Planlegging og organisering av futsal arrangement 13 januar 2024.

Leiar takker styret for ei vel gjennomført 2023 sesong.

3 Utval sitt arbeid

Sportsleg leiar

Representant for Åtil på møter som gjelder samarbeid mellom lag og naboklubber.
Påmeldinger lag og turneringer.
Vurderinger og innspill samt godkjenning uttak spillere til sone.
Kontaktperson for trenarar.

Fair-Play ansvarlig

Kontaktperson for Åtil fotball mot kretsen.
Innmelder, behandler av fair-play saker mellom klubb og krets.
Vår Fair-Play har hatt 2 fotball relaterte saker og en mer alvorlig sak som har blitt ivaretatt av styret.

Dommerkontakt

Åtil har stått uten dommerkontakt i 2023 sesongen og styret ivaretatt rollen.

Foreldregruppa miniputt

Åtil har dessverre stått uten en foreldregruppe for miniputt i 2023 sesongen og styret har så langt det var mulig måtte ivareta denne rollen.

Trenar / Lagleiar

Vår trenar- og lagleiarer har tilbudt vår medlemmer et aktivt tilbud på Cuba gjennom hele sesongen der 5 miniputt og 5 lag i barnefotballen har stilt lag for Åtil. Organisert trening ute på anlegg og i hallen. Planlegging og tilretteleggelse kamp ute og heime samt reise turnering og Kongleriket.

Arrangement og kiosk

Innhenting av midler i form av organisering dugnad og kiosk virksomhet. Av store prosjekt kan nevnes arbeidet som ble gjort i forbindelse med avholdelse av futsal turneringen.

Ansvarlig anlegg.

Tømming av boss, reparasjon vedlikehold mål og oppmerking baner ref. dugnadsavtale med kommune mot dugnadsinntekt på kr. 38.000, -
Ansvarlig for orden i utstyrscontainer.

Styret takker utval, trenare og lagleiar for ei vel gjennomført 2023 sesong og håper at alle vil fortsette og bli med i 2024.

4 Aktivitet

Lag og spelarar i 2023

I 2023 var det registrert totalt 117 aktive spillere i fotballgruppa. Herav hadde 108 spillere medlemskap i Åtil og 9 medlemskap i Jotun. 38 stk. var jenter og resten 79 stk. guttar.

Miniputt var representert på fire Kongleriket turneringer, 2 på våren og 2 på høsten. Vi hadde totalt 5 lag i serie pluss et ekstra lag på jenter i høstsesongen. På guttarne hadde vi for første gang på flere år et 11-ar lag i 2. divisjon som gjorde det bra i vårsesongen med første plass i serien.

Følgande lag har vore aktive i 2023:

Lag	Alderstrinn	Ca. antall	Trenar/Lagleiar	Spel
J06/G06	2017	14	Foresatte	Kongleriket
J07/G08	2016	20	Anne Margrete Hatlelid	Kongleriket
J08/G08	2015	6	Timur Gasanov Stine Gruben Breivik	Kongleriket
J09	2014	6	Lasse Heggheim	Kongleriket
G09	2014	11	Olav Bjørkum Thomas Norheim Moen	Serie 5-ar
J11/10	2012	8	Lene Læg Reid	Serie 7-ar
	2013	1	Hanne Stedje	
G11/10	2012	8	Jacob Andersen	Serie 7-ar
	2013	2	Thomas Norheim Moen	
J12/13	2011	15	Per Gisle Dvergedal	Serie 9-ar / 7-ar
	2010	2	Ole Inge Moen	
G12/13	2011	9	Svein Ove Jørgensen	Serie 9-ar / 7-ar
	2010	4	Arild Hatlelid Geir Fredsvik	
G13/14	2009	11	Geir Frode Rudi	Tabell 11-ar
	2010	2	Anne Gunn Vigdal	2. div. Åtil/Jotun

Åtil/Jotun G13 stilte med et lag på Norway Cup



Til tross for store nedbørmengder og oversvømmelse ble Faaberg turneringen gjennomført og Åtil stilte med hele fire lag pluss et sammensatt lag i J13

FAABERG-TURNERINGEN
19.- 20. AUGUST 2023

Guttene var satt opp med to lag i G12 med blanda årskull G11 til G13, dette for å gi flest mulige et tilbud.

Jentene stilte med to rene lag i J11 og J12 og i tillegg ble det satt opp et bonuslag i J13 med sammensetning av J12 og J13.

Av resultat kan nevnes J13 som vant sin klasse.

5 Årsmeldinger fra lag

Guttar 09 - 2014

Åtil G09 har hatt ein fin sesong med gode prestasjonar og vekst.

Laget har vist godt samarbeid gjennom heile året, og hatt god framgang både på og utanfor bana.

På bana har Åtil G09 fått spele både seriespel i lokalserien og Kongleriket Cup med fine resultat.

Gjennom ei blanding av innsats, talent og lagånd har dei oppnådd fleire sigrar og prestert godt i turneringar. Det må nevntast ein flott siger over Bjørn på bortebane, og særst jevne kampar mot Sogndal og Jotun.

Laget har vist fin utvikling i tekniske ferdigheiter og forståing.

Utanfor bana har Åtil G09 også markert seg som ei viljesterk gruppe med aktive spelarar som fleire set pris på å møte i turneringar. Laget har vist at dei har det som trengs for å lukkast både som enkeltindivid og som eit samla lag, og me ser fram til å følgje utviklingen deira vidare i komande sesongar.

Spelarar:

Abel Moen Klingenberg

Jonas Lien Bjørkum

Filip Otterdal

Theodor Sætre

Anders Seim

Sander Hodlekve Haug

Dennis Hovland

Meki Modo

Ole Borkhus Natvik

Zhengwen Chen

Xander Gjeseth



Lagleiar / Trenarar:

- Thomas Nordheim Moen

- Olav Bjørkum

5 Årsmeldinger fra lag

Jentar 10/11 – 2012 og 2013

ÅRDALSTANGEN IL J2012/2013

SESONGEN 2023



Sesong 2023 seriespel

Dato	Heimelag	Bortelag		Resultat	S/U/T
17.04.2023	Lærdal	Årdalstangen	J 11 avdeling 1	7-5	
08.05.2023	Årdalstangen	Bjørn/Hafslo 1	J 11 avdeling 1	2-4	
15.05.2023	Årdalstangen	Jotun	J 11 avdeling 1	0-9	
22.05.2023	Årdalstangen	Lærdal	J 11 avdeling 1	4-6	
05.06.2023	Bjørn/Hafslo 1	Årdalstangen	J 11 avdeling 1	6-8	
12.06.2023	Jotun	Årdalstangen	J 11 avdeling 1		
28.08.2023	Jotun	Årdalstangen	J 11 avdeling 1 Haust	5-2	
04.09.2023	Årdalstangen	Lærdal	J 11 avdeling 1 Haust	5-4	
11.09.2023	Årdalstangen	Bjørn/Hafslo 1	J 11 avdeling 1 Haust	4-5	
18.09.2023	Årdalstangen	Jotun	J 11 avdeling 1 Haust	3-4	
25.09.2023	Lærdal	Årdalstangen	J 11 avdeling 1 Haust	1-1	
02.10.2023	Bjørn/Hafslo 1	Årdalstangen	J 11 avdeling 1 Haust	4-4	
05.10.2023	ÅTIL J12	Åtil J11	Internkamp	7-2	

ÅTIL sesong 2023

- Gjennomført 1-2 treningar i veke
- Spelt 13 kampar
- Delteke på Faabergturneringen
- Foreldremøte før sesong
- Avslutning på Klingenberg
- 1-2 futsalturningar i vinter
- 2 futsalturningar (Sogndal/Leikanger)
- Totalt 9 spelera, stilt 7, ar.



Avslutning
klingenberg



Futsal turnering i Sogndal

- Me har hatt ein flott sesong med ein stabil tropp saman sett av ni spelarar fødd 2012 og 2013. Godt samarbeid med Per Gisle Dvergedal og J12/13, godt samarbeid med foreldre og styre. Eitt av høgdepunkta var nok Faabergturneringa, der me mellom anna slo Jotun etter ein svært spennande kamp.



5 Årsmeldinger fra lag

Guttar 10/11 – 2012 og 2013

G11 starta sesongen med ei utfordring, å vera nok spelarar til kvar kamp. Kulla 2012 og 2013 er slått saman og me har vore til saman 9 spelarar(10 i ein periode).

Dette har gjort at me i kampsamamheng har hatt utfordringar med å stille lag til å spele 7'ar.

Samtidig har alle stilt opp omtrent kvar gong slik at me har klart å stille lag.

Gutane har hatt ei veldig god utvikling, spesielt på det mellomsporslege, der ein har lært seg å kjenna på frustrasjon og sinne.

Me har jobba mykje med spelarane for å få dei til å konsentrere seg om eigen innsats og mindre om omgjevnadane.

Dette har gitt resultat også på fotballbana, som har vore gledeleg å sjå.

Gutane har spelt mange jamne kampar, vunne nokon og tapt nokon. I kampane me tapar har me ofte hatt overtaket i første omgang, men ser at spelarane vert slitne utover i andre omgang.

Dette heng sjølvstamt saman med antalet innbyttarar.

I nokre tilfeller har me lånt spelarar frå 2011-kullet. Det har vore til god hjelp.

Jacob Andersen tok over som trenar og har gjennomført svært gode treningsøkter, som oftast saman med 2011-gutane, noko som har bidrege til gjevande økter når ein vert fleire på trening.

Dette er noko me håpar kan fortsetje inn i 24/25-sesongen.

Totalt sett ein god sesong for laget, der samspel og laginnsats er to viktige læringspunkt. Gutane har spelt meir som eitt lag og samarbeidar godt.

4 av gutane er plukka ut til storsonesamling, noko dei tykkjer er svært gjevt. I slrivande stund er 2/3 samlingar utført og gutane er godt på høgde med andre i storsoneutaket.

Navn på spelarar som har vore med:

Olve Klingenberg Andersen

Jacob Moen Klingenberg

Adam Alme Turkovic

Daniil Isaev(1/2 sesong)

David De Jager

Bjørn Moen Tufte

Niklas Chmelar

Liam Seim

Gunnar Tørnes

Lukas Rinde



For G11

Jacob Andersen og Thomas N Moen

5 Årsmeldinger fra lag

Jentar 12/11 – 2011 og 2010

Aktivitet J12

Starta oppkøringen til sesong i januar med 10 spelarar derav 2 spelarar f:2010. Meldte da på 9`ar lag til seriespel i vårsesongen.

I januar var vi med på Futsaltturnering der laget vårt vann samtlige kamper.

Hadde innetreninger 1 gong i veka fram til mars. Etter det hadde vi 1 – 2 utetreninger gjennom resten av uteseongen, mars – oktober.

Ved seriestart oppstart til vårsesongen hadde vi økt fra 10 til 15 spelarar.

Det var lov å ha med 2 overårige (f:2010) uten dispensasjon, da desse 2 ikkje hadde tilbud i sin årsklasse i samme klubb.

I Vårsesongen spela me 10 kamper, derav 8 vunne, 1 uavgjort og 1 tap.

Til haustsesongen hadde vi økt fra 15 til 16 spelarar, og meldte derfor på to 9`ar lag til seriespel i haustsesongen. Vi spela til saman 15 seriekamper, derav 6 kamper mot Sogndal. Vann 10 kamper, 1 uavgjort 3 tap og 1 innbyrdes kamp. Vi spela 9`ar kamper mot Sogndal. Dei andre laga vi møtte var Vik, Syril og Kaupanger som vi spela 7`ar kamper mot.



I august var vi med på Faabergturneringen der vi meldte på 2 lag. 1 lag i klasse 2011, og 1 lag i 2010 med sluttspel. Vi hadde med totalt 15 spelarar.

2011-laget (Kun 2011-spelerar) spela 6 kamper, derav 1 vunne, 1 uavgort og 4 knepne tap.

2010-laget (2 f:2010, resten 2011-spelerar) spela totalt 5 kamper. Vann samtlige 5 kamper med målforskjell 19 – 2. Vann semifinalen 4 – 0, og finalen 4 – 2 mot Skreia/Kolbu KK

Sone/Krets/Sogneakademi 2023/24

Dei to 2010-jentene våre var med på sonesamlinger på haustsesongen.

Vi hadde i alt fire jenter fra 2011 med på sonesamlinger og 3 soneturneringer i løpet av 2023. Tre av desse vart i desember teke ut på Kretslag for J13 sesongen 2024. I tillegg får dei samme tre jentene tilbud om å vere med på Sogneakademiet J13/14 i Sogndal for sesongen 2024.



Sesongen 2023

Totalt hadde vi 17 spelarar innom laget vårt i løpet av 2023-sesongen. Samtlige hadde ein flott sesong med mykje moro og alle viste til fin framgang.

Takker med dette samtlige spelarar for super innsats, deres positive innstilling til å lære og det gode samspel med lagkamerater og støtteapparat.

Kamptropp J12 Sesongen 2023

Ida Dvergedal

Eva Grenager

Maria Myrmel Moen

Emma Lereng Einan

Sunniva Havro Nundal

Nikoline Guttormsen

Julie Natvik

Tuva Styve Øren

Jenny Rønning Henjum

Mathilde Hillestad Blix

Mathilde Morland

Eline Framstad Helle Hunderi

Ella Heggø

Amalie Lindstrøm Lomheim

Emma Eldegard Nesse

Leonora Nesse Vigdal

Marie Nordgulen

I vinter har vi vert med på 2 Futsalturneinger. 1 i Lærdal og 1 på hemebane i Tangenhallen.

I februar-24 kvalifisterte vi oss til KM i Sandane blant dei 8 beste både for 2011-laget, og 2010-laget (bestående av 2 f:2010 og 5 f:2011)

Per Gisle Dvergedal

Trener ÅTIL J2010/2011

Ole Inge Moen

Lagleiar ÅTIL J2010/2011

5 Årsmeldinger fra lag

Guttar 12/11 – 2011 og 2010

Sesongen 2023 for G12

Året 2023 har vore ein flott og framgangsrik sesong for G12.

Me har hatt ei samla spelargruppe på 13-14 dedikerte spelarar som har deltatt på seriespel, på turnering, og innendørs futsal.

Som forberedelse til sesongen trente me inne i hallen gjennom heile vinteren.

Etter at utesesongen starta har me stort sett gjennomført to treningar ute gjennom sesongen.

Både vårsesongen og haustsesongen i 9-ar serien var framgangsrike, og spesielt haustsesongen var oppløftande fotballmessig med god innsats og fleire gode resultat.

I august deltok me på Fåberg turneringa, her stilte me saman med G11 to stk 7'ar lag.

Sjølv om resultatata ikkje var dei beste på denne turneringa, hadde me ei flott helg der me fekk muligheit til å spele mot andre lag enn dei me spelar mot vanligvis, og samtidig hadde me ei fin sosial helg med mange minnerike øyeblikk.

Me er veldig stolte av den framgangen som gutane har hatt gjennom sesongen. Kvar enkelt spelar har vist godt engasjement og vilje til læring, noko som har bidratt til den fine utviklingen laget har hatt.

I tillegg til innsaten på bana har gutane vist god sportsånd og fair play gjennom heile sesongen.

Dei representerar klubben vår på ein positiv måte både på og utanfor bana, og har vist respekt for motstandarar og dommarar i alle kampar.

Me ønsker å takke alle spelarane og støtteapparat for innsatsen i 2023.





Følgande spelarar har deltatt:

- Adrian Otterdal
- Maxmillian Gjeseth
- Even Bjaanes
- Håkon Sørhage
- Jan Eik Ibsen
- Jonas Kvale Kvannli
- Kasper Jørgensen
- Liam Andersen
- Mathias Skålbones Lunde
- Noah Hatlelid
- Noah Stavenjord
- Olai Fredsvik
- Natnaell Ande
- Uael Andeberhan

Mvh Arild og Svein Ove

5 Årsmeldinger fra lag

Guttar 13/14 – 2009 og 2010

Laget har denne sesongen spela 11ar i g13/14 2.div. Før dette gjekk dei vidare til sluttspel i KM der dei fort rauk ut. Sesongen gjekk greitt med ein grei plassering. I tillegg har dei vore på Norway cup der resultatata ikkje gjekk deira veg, men hadde ei flott oppleving med mykje kjekt.

Ein fin gjeng med godt samhold tross trenarbyte.

Dei har og spela futsal-turnering i Sogndal



6 Futsal på søndager

8. januar starta me opp med futsal-søndag i Tangenhallen. Konseptet er enkelt: hallen er open, kom og bli med, den som vill! (9-13 år).

Målet er å ha det kjekt i lag medan ein spelar fotball.

Me var heldige og fekk med oss gjesteinstruktørar med tilknytning til Årdal FK kvar søndag. Desse organiserte oppvarming og nokre enkle øvingar, men i all hovudsak handla det om å dela inn i lag etter nokonlunde storleik og nivå og berre spela.

Det var servering av frukt, saft og smoothie i kiosken, gratis for alle deltakarar, dette var naturleg nok eit populært tiltak.

Fram til påske hadde me til saman fem slike futsalsøndagar, der det i snitt deltok 25 spelarar kvar gong.

Takk til Christian Stedje, Ørjan Stedje Ylvisåker, Ørjan Cafu Skilbrei, Truls Hovland, Andreas Bjørkum Øvstetun, Sander Bjørkum Øvstetun, Gøran Moheim, Brede Stedje Ylvisåker og Marius Loftheim og Eirik Rode som var med oss.

Takk også til alle trenarar og foreldre som stilte opp og hjelpte til.







7 Fotballkiosken

Nokre ord om fotballkiosken

I 2022 kom det inn totalt 46.500 kroner på Vipps i samband med kiosksal.

For 2023 er summen 57.500, noko som tyder ein auke på 11.000 kroner.

Desse tala syner ikkje heile rekneskapan for kiosksalet, men seier først og fremst noko om aktiviteten og omsetnaden.

Dette tyder at alle lag jobbar godt med kiosksalet på sine kampar, og at tilskodarane er flinke til å støtta opp.

Det tyder også at det er ei god inntektskjelde å stå for kiosksalet i samband med Årdal FK sine kampar. I 2023 har Årdal FK stilt med lag både i 5. divisjon og 6. divisjon, noko som også er ein del av biletet.

I og med at grasbana vart stengd i sommar, vart det smått med seniorkampar på Cuba denne hausten. Me hadde ein einskild ein søndag, då med godt oppmøte og god omsetnad.

Me har også hatt kiosksalet på Jotun stadion i samband med dei kampane som har vore flytt til Øvre. Her er omsetnaden noko mindre, men alle monner dreg.



16.oktober hadde me salet på ÅFK 3 sin kamp på krøllgraset. Dette var eit samarbeid med Jotun og Årdal. Inntektene frå denne, 2356,- vart donert til Rosa Sløyfeaksjonen i Sogn.

Me har eit fint samarbeid med Tangen skule om å få overta skulefrukt som er til overs stort sett kvar veke. Dette har me fått laga svært mange liter smoothie ut av, somme tider for sal, for det meste servert til borna i samband med trening.

Utanom kampar på Cuba og i Øvre, har ÅTIL fotball hatt to større dugnader i samband med andre arrangement:

16.september hadde ÅTIL fotball kiosksal i samband med "Trimfest i Tangenhallen", arrangert av Jorunn Bjørvik/Trimhåla. Her var inntektene 5747 kroner.

13.november hadde ÅTIL fotball kiosksal i samarbeid med ÅTIL handball i samband med First Lego League i kulturhuset.

Tusen takk til Gro Myrmel Moen, Elin Brekke Hop og Hanne Stedje som har relativt mange timar i kiosken dette året.

Tusen takk også til Dilek Erturk, som ikkje har egne born i fotballgruppa, men som stiller opp og hjelper til likevel.

Tusen takk til alle foreldre som har vore med og bidrege - og ikkje minst: takk til alle som har handla i kiosken vår!



8 Økonomi

Årsregnskap

REKNESKAP FOTBALL 2023		
	Regneskap pr 31.12	Budsjett 2023
3110 Kiosksalg	-60 925,00	-38 000,00
3111 Inntekter fjord til fjell		
3112 Inntekter målrock	-26 667,00	-15 000,00
3120 Sponsoravtaler	-100 800,00	-60 000,00
3130 Dugnadsvirksomhet	-40 987,00	-39 400,00
3440 Tilskot fra NIF		
3921 Treningsavgift	-15 050,00	-18 000,00
3963 Loddsal	-40 194,00	
3970 Eigenandel	-64 750,00	
3990 Gåver/bidrag/andre inntekter	-20 000,00	
3991 Andre inntekter	-1 295,30	
3997 Overført fra hovedlaget		-50000
3999 Overført fra gruppene		
SUM INNTEKTER	-370 668,30	-220 400,00
4000 Lotteri/basar/bingo		
4001 Påmelding seriespel/skirenn/sym	99 295,00	25 000,00
4010 Cuper og turnering	90 978,04	16 000,00
4011 Kretssamlinger eller regionale aktiviteter		11 000,00
4012 Idrettsskule	2 400,00	
4020 Leige av buss til turar		
4021 Andre utgifter cupar og turneringar		
4031 Lagsavgift særkrins	2 580,00	3 000,00
4032 Klubbkontingent særforbund	6 080,00	6 000,00
4033 Andre utgf.utøvarar, overgang mm		0,00
4100 Bane/halleige	51 256,00	30 000,00
4160 Dommarutgifter	23 850,00	15 000,00
4200 Trenings- og kamputstyr	85 861,67	28 000,00
4201 Medisinsk utstyr/legeutgifter	657,60	1 500,00
4210 Anna rekvisita	172,00	
4300 Kioskinnkjøp	16 836,43	18 000,00
5900 Gåver og blomster	2 054,00	1 000,00
6540 Inventar/utstyr	4 137,30	2 000,00
6550 Driftsmateriale	967,00	0,00
6840 Aviser/tidsskifter, møter mm		0,00
6860 Møter/kurs/avslutning	25 081,00	16 000,00
7140 Reisekostnad, ikke oppgaveplikti	2 600,00	0,00
7141 Billetter/ferjekort/bompengar		0,00
7500 Forsikringspremie	2 030,00	3 000,00
7770 Bank- og kortgebyr		0,00
7781 Gebyr NIF	517,28	0,00
7782 Gebyr Vipps	1 026,22	0,00
7790 Divers kostnader	2 356,00	4 000,00
SUM UTGIFTER	420 735,54	179 500,00
8040 Renteinntekt	-283,00	
8155 Rentekostnad leverandergjeld		
SUM FINANS	-283,00	0,00
RESULTAT	49 784,24	-40 900,00

BALANSE FOTBALL ALDERSBESTEMT

EIGEDLAR:	31.12.2023	31.12.2022
1530 Opptjente inntekter	205 843,00	39 400,00
1570 Reisetforskot		
1901 Kasse	0,00	3 613,00
1903 Bypass	339,53	
1921 Bank 3730 20 09849 dommar	718,64	717,64
1922 Bank 330 20 23661 fotb.alder	123 065,52	309 282,84
SUM EIGEDLAR	329 966,69	353 013,48
EIGENKAPITAL OG GJELD:		
2002 EK fotball alder	-301 687,35	-351 471,59
2003 EK Fotball dommar	-717,64	-717,64
2400 Leverandørgjeld	-139,70	-824,25
2990 Anna kortsiktig gjeld	-27 422,00	
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-329 966,69	-353 013,48

9 Økonomi

Budsjett

BUDSJETT 2024 FOTBALL

3110	Kiosksalg	kr	70 000
3112	Inntekter frå Målrock	kr	15 000
3120	Sponsoravtalar	kr	60 000
3130	Dugnad Årdal kommune	kr	40 000
3440	Tilskot frå NIF		
3921	Treningsavgift	kr	20 000
3970	Eigenandel		
3990	Gåver/bidrag/andre inntekter		
3991	Andre inntekter		
3997	Overført frå hovudlaget	kr	50 000
	SUM INNTEKTER	kr	255 000

4001	Påmelding	kr	25 000
4010	Cup og turneringar	kr	50 000
4011	Kretssamlingar eller regionale aktivitetar	kr	11 000
4012	Idrettsskule	kr	1 500
4031	Lagsavgift særkrins	kr	3 000
4032	Klubbkontingent særforbund	kr	6 000
4100	Bane/halleige	kr	51 000
4160	Dommarutgifter	kr	25 000
4201	Trenings- og kamputstyr	kr	30 000
4201	Medisinsk utstyr/legeutgifter	kr	1 000
4300	Kioskinnkjøp	kr	18 000
5900	Gåver og blommar	kr	2 000
6540	Inventar / utstyr	kr	4 000
6550	Driftsmateriale	kr	1 000
6860	Kurs, avslutningar, møter mm	kr	20 000
7140	Reisekostnad		
7141	Billettar/ferjekort/bompengar		
7500	Forsikringspremie	kr	2 500
7782	Gebyr Vipps		
7790	Diverse kostnader	kr	4 000
	SUM UTGIFTER	kr	255 000

RESULTAT kr -

10 Godkjenning

Ulrik de Claville Ibsen

Leiar ÅTIL fotball

Øystein Henjum

Nestleiar ÅTIL fotball